



REGLEMENT FOR SALS- OG SKJENKETIDER I SANDØY KOMMUNE

Salstider:

- a. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, dvs. drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol skal skje i opningstida, avgrensa til kl.20.00 på kvardagar.
- b. På dagar før søn- og helgedagar skal salet opphøyre kl. 18.00.
Dagen før Kristi Himmelfartsdag vert rekna som alminneleg kvardag.
- c. Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai, på røystedagen for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemning vedteke ved lov.
- d. Kommunestyret kan innskrenke eller utvide salstida i forhold til det som går fram av a og b for den enkelte salsstad.
- e. Sal og utlevering av drikk som nemnd i punkt a er likevel forbode etter kl. 20.00 på kvardagar, og etter kl. 18.00 på dagar før søn- og helgedagar, unnateke dagen før Kristi Himmelfartsdag.
- f. Løyvehavar er ansvarleg for at alkoholhaldig drikk med alkoholinnhald over 2,75 volumprosent er tildekt/ikkje lenger tilgjengeleg i butikken ved salstidas slutt. Betaling kan likevel skje etter dette tidspunkt dersom kunden har forsynt seg med den alkoholhaldige drikken før salstidas slutt.

Skjenketider:

- a. Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1, dvs. drikk som inneheld høgst 4,7 volumprosent alkohol, kan skje frå kl. 08.00 til kl. 03.00.
- b. Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 2, dvs. drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol, kan skje frå kl. 08.00 til kl. 03.00.
- c. Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3, dvs. drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol, kan skje frå kl. 13.00 til kl. 03.00.
- d. Kommunestyret kan innskrenke tida for skjenking i forhold til det som går fram av a, b og c for den enkelte skjenkestad.
- e. Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er forbode mellom kl. 03.00 og kl. 06.00. Skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 er forbode mellom kl. 03.00 og kl. 13.00.
- f. Tida for skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 3 kan ikkje fastsetjast utover den tida det vert skjenka alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og gruppe 2.
- g. Skjenketid er lik utleveringstid. Konsum av utskjenka alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter skjenketidas utløp.
- h. På overnattingsstader kan det skjenkast alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 til overnattingsgjestar utan omsyn til bestemmingane om skjenketider.